



Vassføringa ovanfor kalkstasjonen vert uendra

Fylkesrådmannen seier nei til kraftutbygging i Børsdalselva men ja til verk i Eikelva og Tverrelva. Saka skal opp i fylkesutvalet torsdag. Fylkesrådmannen er skeptisk på grunn av biologisk mangfald, landskapet og friluftslivet.

Han seier ja til Eikelva hvis alternativet aust for elva vart vald og hvis ein unngår konflikt med steingardar og tufter. Han går også inn for at ein vurderar høgre minstevassføring, reduserar støyen frå kraftverket og at det settast ut rugekassar for fossekallen.

For Tverrelva går han inn for leggjing av jordkabel i eller rett ved veg for å unngå dyrka mark og at større minstevassføring vert vurdert

Fylkesrådmannen stiller seg krtisk til den stutte høyringsfristen, som er 15. juli. Men NVE vil ikkje forlengja denne.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen